

Nyopning av Gamle Brannstasjonen



Arbeidsgruppa som har gjort hovuddelen av arbeidet på bygget. Frå venstre Paul Fransen, Kjell Fuhr, Geir Gjerde, Siw Bente Høyum, Arne Vigdal, Edgar Drevdal, Leif Leirdal og Odd Atle Stegegjerdet.

(Foto: Wenche Schanke Eikum)

Tysdag 3. september stod ordføreren for den offisielle ny-opninga av Gamle Brannstasjonen på Gaupnegrandane. Bygningen ligg ved sida av Parken rett på nedsida av fv55, og er no pussa opp og skal nyttast av ATS i deira daglege verksemd. Ved opninga vart det informert om bakgrunnen for arbeidet, ordføreren avduka nytt skilt og Helene Myklemyr Bolstad framførte melodiar på trekkspel, før det var klart for servering av varmrett og marsipankake.

Gamle Brannstasjonen vart bygd på slutten av 1970-talet, og har tidlegare husa både brannstasjon og service- og sanitær-lokale for Teknisk drift. Etter å ha stått på det næraste ubrukt og utan vedlikehald i mange år vart det hausten 2018 bestemt at ATS skulle få ta over bygningen. ATS hadde etter førre større utbygging i 2008 på det næraste «vakse ut av» hovudbygget sitt, slik at m.a. den nye handverkargruppa deira har måtta jobba utomhus og i kalde garasjar etter at den starta opp for 3-4 år sidan. Den-



Til nyopning av bygget høyrer også ei flott festkake laga på ATS. Ordføreren står for utdeling av kaka, i anledning dagen er han utstyrt med handsag som kakespade. John Havellen, Anne Karin Kvamsdal og leiar Odd Atle Stegegjerdet ventar ivrig på sine kakestykke.

ne gruppa får no ein heilt annan arbeidskvardag i dei nyopp-pussa lokala.

Arbeidet har vorte gjennomført som eit samarbeid mellom ATS, Teknisk Drift og lokale handverkarar. ATS sine eigne medarbeidarar har gjort tømrararbeid, måling, sjauing og rydding. I tillegg har dei fått nødvendig bistand på område som elektrisk,

VVS, golvlegging og betongarbeid.

ATS er svært nøgde med å ha fått høve til å ta over bygget og med opp-pussinga som er gjennomført. Dette kom også klart fram under ny-opninga, der både leiar og fleire av medarbeidarane uttrykte stor glede og takksemd for at ein har fått dette til.



Biletprosjekt for Omsorgstenesta

Stefan Åberg og Odd Atle Stegegjerdet, leiar ved ATS, har sidan våren -19 jobba med eit film- og bilet-prosjekt for Omsorgstenesta i Luster som dei kallar Luster Kino. Prosjektet kom i stand som ei følgje av den nasjonale satsinga Leve heile livet. Føremålet er å laga filmar og biletpresentasjonar som rører ved og gleder den einskilde, inviterer til samtale og stimulerer hukommelsen. Innhaldet spenner frå filmar frå gamle interiør og bruksreiskapar, konsertar, turar, dyr og gardsdrift mm., til biletpresentasjonar frå natur, kultur og frå gamle dagar. Ein har også fått høve til å kjøpa inn fleire gamle filmar med innhald frå Luster, som t.d. filmen om bankbusen og filmen om fjellmannen Erling Fuglesteg.

Etter kvart som dei ulike filmane og presentasjonane vert ferdig er meininga at ein skal visa dei fram på interne TV-kanalar på omsorgssentera i kommunen, om lag som når ein ser på vanlege TV-sendingar. I tillegg skal tilsette kunna henta fram og visa utvalde filmar og presentasjonar, - på PC eller TV -, for einskildpersonar eller grupper av brukarar. Stefan og Odd Atle vil takka for stor velvilje frå dei mange som er spurt om å bidra med innhald til dette viktige arbeidet. Samstundes oppmodar dei lustringar og andre som sit med materiale og eller idèar til filmar eller presentasjonar dei trur kan nyttast framleis om å ta kontakt.

Opplæring folkevalde



Det nyvalde kommunestyret og kontrollutvalet har i haust fått opplæring om folkevaldrolle, kommunal organisering, lover og reglement. Ordførar i Vågsøy, Kristin Maurstad (innfelt) og jurist Knut Henning Grepstad har vore gode lærekrefter.